

Å skriva rapport i naturfag – ikkje like lett ...

Me er i ein 8. klasse med 20 elevar ein stad på Vestlandet. Elevane har hatt forsøk i naturfag, har jobba med faselikevekt. Dei har jobba to og to og har registrert resultat i eit oppsett, ein type journal, som dei fekk utdelt som ein tabell av læraren. Læraren har tidlegare også jobba i vidaregåande skule, og han er ambisiøs på elevane sine vegner. Her skal det blir tidlege forskarspirar, og dei skal jobba profesjonelt. Temaet for den aktuelle timen er rapportskriving: Elevane skal skriva rapport etter forsøket sitt, etter ein bestemt mal. Han har laga ei skriveramme, slik at elevane skal berre fylla inn. Punkta i malen er som me kjenner dei frå læreplan og hjelpetekstar: *overskrift, dato og samarbeidspartnarar, hypotese, framgangsmåte, resultat: måledata og observasjonar, konklusjon, vurdering av feilkjelder, kjelder.*

Han har førebudd seg godt til timen, også sidan det skal vera fagfolk til stades for å observera. Han går gjennom opplegget på førehand, og eg synest dette ser svært profesjonelt og godt ut. Planen er at elevane skal finna fram resultatane sine i journalen, og så skal han visa framgangsmåten i rapportskrivinga gjennom modellskriving på smarttavla. Rapport i naturfag høyrer jo til i 8. klasse i læreplanen. Han har og laga ein hjelpepresentasjon i PowerPoint. Her skal han visa malen, og så skal han demonstrera punkt for punkt ein eksempeltekst som han drøftar med elevane.

Timen tek til, elevane står ved pultane og helsar høfleg. Eg registrerer at ei lyshåra jente framme til venstre snur seg frå læraren og satsar på augekontakt bakover i rommet. Dei fleste elevane hentar lydige opp resultatane sine frå førre time, men det går ujamnt, hakkete. Jenta der framme ser demonstrativt bort frå læraren, finn ikkje fram sine resultat, ser prøvande ned på «hoffet» sitt, som iallfall er minst to jenter lenger bak. Gjev ikkje teikn til å finna parkameraten som ho har gjort (?) forsøket saman med. To gutar midt i klassen har problem med å samla seg, det er tydeleg noko som er uavklåra etter siste pausen. Bakarst i kroken sit Mohammed, som er syrar og nyleg kommen til skulen. Han har sitt eige opplegg i læreboka, samstundes som han tydeleg er interessert i å sjå på rapporten. Fremst på to av rekkjene sit to par, jenter, og prøver å følgja med. Eg anar at det er særleg viktig for dei at nokon elevar er på hogget, sidan høgskulen er til stades. Eit liknande par, gut og jente, sit langt bak, og har fokus på smarttavla. Den lyshåra er særleg merksam på jenta i paret, tek seg ein tur for å sjå korleis ho gjer det, spør også om noko anna som fører til litt fnising.

Etter fem-seks minuttar er dei fleste i gang, og læraren tek sats med presentasjonen. Han er veldig nøye i forklaringa si, forklarar først kvart punkt, gjev døme på kva som kan vera aktuelt å fylla inn og gjer så eit val og skriv inn tekstframlegget sitt. Elevane set i gang, men eg ser at dei svake i gruppa har problem med å formulera eigne ord inn i malen dei sit med. Det går bra med dei to første punkta, men det ballar seg litt alt på hypotesen. Dei tre flinke para er stort sett ferdige etter eit kvarter, og sjekkar litt med kvarandre om dei har forstått malen likt. Fleire blir sitjande med eit ope hypotesepunkt og mistar etter kvart motivasjonen. Mange samtaletema dukkar opp hjå dei ulike para, men få hypotesar. Den lyshåra får større merksemd og er bra fornøgd med at fleire vender blikket hennar veg. Dei to karane frå

pausen vender nok attende til det uløyste punktet frå pausen.

Så er læraren ferdig med den grundige gjennomgåinga si og tek turen rundt til dei ulike para. Det gjer eg og. Me spør kor det går, kva dei strevar med, og får vendt konsentrasjonen mot rapporten att. Saman hakkar me oss gjennom hypotesen og tek til å skriva inn resultatata, måledata. Dei tre «grompara» syner stolt fram det dei har gjort og får velfortent skryt og eit par framlegg til endring. Mohammed får og velfortent skryt for innsatsen. Slik går timen. Då det ringjer, er under halvparten ferdige. Læraren melder at dei skal gjera dette ferdig neste time.

Me to har ei standard oppsummering etterpå. Han er litt flau, understrekar at dette gjekk seinare enn han håpa, men at det går opp og ned i denne klassen. Den lyse var rolegare enn ho plar, truleg på grunn av meg. Til vanleg er ho mykje meir på rundtur i klassen. Eg understrekar at det var eit fint opplegg, at eg ofte ser dei same problema rundt om på skulane: nokre flinke som strevar på, eit par som har ein annan agenda enn læraren og stor sprik i klassen. Eg spør kvifor han ikkje gjev ferdigstillinga som heimelekse. Då ser han oppgjeven på meg: «Kor mange av elevane som ikkje er ferdige, trur du gjer det heime?»

Eg tek poenget. Det må gjerast under rettleiing og assistanse ...

Nokre refleksjonar etter timen

Me konstaterer at det er stor sprik mellom fagmålet for timen og klasseleiinga/situasjonen i klassen. For denne klassen, denne dagen, var det kanskje ikkje mogleg å gjennomføra opplegget. Kanskje hadde forsøket vore for seriøst, slik at strikken ikkje kunne strekkjast lenger. I ein annan klasse kunne opplegget ha funka heilt strøkt.

Korleis kunne ein så vore meir 'føre var' til denne timen?

- 1 For det fyrste: Du kan ikkje planleggja sikkert i ein 8. klasse. Det er berre dei som skriv læremiddel som lagar dei ideelle og bombesikre opplegga. Me som har vore i skulen nokre år, veit godt at eit opplegg som funka topp i ein klasse, kan vera heilt «døll» i ein annan.*
- 2 Kanskje ville meir motiverande forsøk også gjera det meir interessant å laga rapporten: Tenk å laga eigen lypsyl til mor og far, eller laga til noko lureri for eit selskap i heimen!*
- 3 Kva kunne læraren ha gjort annleis når det gjeld klasseleiing og gjennomføring? Teke eitt og eitt spørsmål og sikra at alle (så å seia alle) hadde gjort ferdig kvart punkt? Det hadde vore ei plage for dei flinke para sjølvst, men dei fekk jo ein del ventetid uansett. Kunne han ha gått gjennom malen og gjeve innfyllinga som heimelekse? Nei, det ville ha gjeve endå dårlegare læring.*

Eit anna spørsmål: Er det viktig å læra å skriva rapport? Dei fleste elevane hadde vore ivrige under forsøket, og dei hadde ført opp resultatata sine, såg eg. Det er altså sjølv rapportskrivninga som ikkje gav motivasjon her. Ein noko opphissa naturfaglærer sa til meg under eit intervju: «Dei stakkas elevane skal skriva i alle fag, opp og i mente. Hjå meg skal dei pinade sleppa.» Han var ikkje så glad i det han opplever som ei teoretisering i ungdomsskulen. Men så er det noko med læreplanen, og kva me veit vil bli kravd av ungdommane våre nesten same kva yrke dei skal inn i.

Lett er det ikkje å vera lærar.